



Den 23. 2. 2017

Til Norges vassdrags- og energiverk
Konsesjonsavdelinga

Fossdalen kraftverk i Gulen kommune – høyringsfråsegn

Søkjaren vil utnytte eit fall på 275 høgdemeter over ei elvestrekning på ein kilometer. Dette skal etter planen gje 8,8 GWh årleg, til ein investeringskostnad på kr. 3,41. Frå før ligg Hauge kraftverk lenger aust i fjorden, på nordsida, og Kløvtveit på sørsida. Ved Sognefjorden ligg Takle kraftverk og nord for Eivindvik, Midtun. Nord for Fossdalen er det planlagt eit vindkraftverk som fekk konsesjon, eit vedtak som er klaga på.

Føremonar ved kraftverket

Søkjaren reknar med ein del lokale og økonomiske nytteeffektar av utbygginga. Dei er små i kommunal samanheng. Det vert elles oppfatta som ein føremon at kraftproduksjonen stig, i tråd med måla for den norsk-svenske elsertifikatordninga. Nyleg (20.2.) melde Finansavisen at prisen på elsertifikata på nokre månader har falle frå nesten 15 øre/kWh til 5 øre. Ei forklaring skal vere at det ser ut til å bli bygt ut meir enn målet på 28,4 TWh. Om dette er usikkert, er det likevel ein realitet at kraftoverskotet i Norden er stort, og energiprisane låge, så låge at mange eigarar av småkraftverk har måtta selje dei til utanlandske eigarar fordi inntektene er for låge til å handtere gjelda. Låge kraftprisar er eit samfunnsøkonomisk tap når kommunar og fylkeskommunar får mindre overskot av kraftverka til oppgåver som innbyggjarane har nytte av.

Situasjonen er at søkjarar stadig får konsesjon til utbyggingar som går ut over levande natur og til økonomisk tap for samfunnet. I denne situasjonen meiner vi at også små negative konsekvensar av ei utbygging bør vere nok til å avslå søknaden.

Konsekvensane for natur og landskap

Miljørappporten fortel at vegetasjonen langs elva er i hovudsak bjørkeskog, med innslag av rogn, hassel og selje, på heller næringsfattig grunn. Det er likevel i det nedste fossefallet registrert ein oseanisk raudlista mose (flaumrose, NT). Fleire andre sjeldne og mindre vanlege moseartar har sin vekseplass ved fossane i elva: Hettekimrose, glanssåtemose, pelssåtemose, fleinsjåmose, kaursvamose, kulemose, klubbegråmose, kysturnemose, vengjemose, fjellhutremose og raspljåmose. Alle er venta å få dårlegare livsvilkår etter utbygging. To delar av elvestrekninga er vassfall som ligg nær naturtypen fosseeng og fosseberg.

Rapporten fortel at havørn kanskje hekkar i området, og lenger oppe er det mistanke om at hubro (sterkt truga) har tilhald. Om dette er tilfelle, bør vere klarlagt før konsesjon blir vurdert. I dette småkupert og kystnære landskapet er det berre små, samanhengande areal som er utan inngrep og ferdsel. Partiet nord for Austgulfjorden er eit av dei største partia, ein kvalitet som bør telje mot konsesjon.

Samla påkjenning

Også som opplevingsverdi er det urørde ein kvalitet som er verdt å ta vare på der han enno finst. Vi er usamde i at reduksjonen av det inngrepsfrie arealet har liten, negativ konsekvens. Grunngevinga for denne karakteristikken, at det er inngrepsnære delar rundt det som er utan inngrep, meiner vi er utan rimeleg dekning. Nettopp det som er lite igjen av, er det grunn til å ta vare på. Slike område er sjeldne i dei kystnære stroka. Den samla påkjenninga av inngrep og aktivitet er stor frå før. Berre mindre flekkar er uforstyrta av mennesket. Det verkar, av økonomiske grunnar, lite sannsynleg at det planlagde vindkraftverket på Blåfjellet vert ein realitet. I så fall er det langt til eit like stort og inngrepsfritt areal nordvest for Stølsheimen.

Vassføring

Vi har lite tru på at ei minstevassføring som er lita nok for utbyggjaren, vil vere stor nok til å hindre at flaumrose og andre råmekrevjande artar vil halde fram i eit livskraftig omfang. Eit minstekrav til minstevassføring bør likevel vere 5 persentil-nivået. Viktigare er det truleg å redusere makismal slukevne, som i større grad vil ta vare på dei store vassføringane med mindre mellomrom i tid. Maksimal slukevne bør vere under 200 prosent av middelvassføringa.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er ikkje gode nok grunnar til å gje konsesjon til Fossdalen kraftverk. Ein grunn til innvendinga er omsynet til dei sjeldne og uvanlege moseartane som har eit fuktig elvemiljø som livsvilkår. Ein annan grunn er at vi her har eit relativt stort og uforstyrra landskap med fjell og skog nord for Austgulfjorden.

Dersom NVE skulle velje å gje konsesjon, er vårt klare ønskje at maksimal slukevne vert redusert til under 200 prosent av middelvassføringa, og at minstevassføringa vert lik 5 persentilen.

Med helsing

Marit Vøien Nes, fylkesleiar i Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (sign.)